



Sogn og Fjordane

Til
Lokalforeiningar og lokalråd,
distriktsstyret, distriktsråda,
leiarar i valnemnder, revisor, kontrollkomiteen

Førde, 14. februar 2019

INNKALLING TIL DISTRIKTSÅRSMØTET 2019; 29. – 31. MARS PÅ SKEI I JØLSTER

Viser til tidlegare annonsering i Agenda med innkalling til årsmøte i Sogn og Fjordane Røde Kors 2019. Årsmøtet vert halde på Thon Hotell Jølster på Skei. Valmøta til distriktsråd for om-sorg og for hjelpekorps, og møta for ungdommen og for lokalforeiningane vert laurdag 30. mars før lunsj. Sjølvé distriktsårsmøtet vert same dag etter lunsj.

Tradisjonen tru vert det lagt opp til ein uformell start på årsmøtehelga med førkveld fredagen. Ambisjonen med desse førkveldane har vore å gje inspirasjon og noko til glede og ettertanke. Tema og innleiar i år er ikkje avklart i skrivande stund.

Dagsorden og saksdokument til distriktsårsmøtet vert sendt pr. e-post innan 9. mars til lokalforeiningane og lokalråda, og til delegatar og observatørar som då er påmeldt årsmøtet. Papirversjonen av saksdokumenta vert ettersendt til dei som vil ha dei i hende før årsmøtet. Alle saksdokumenta vert gjort tilgjengeleg i papirform for alle som deltek på årsmøtet.

Påmelding til årsmøtet skjer ved å gå inn på denne linken -
og legge inn naudsynt informasjon. Påmeldingsfristen er torsdag 7. mars.

Kvar lokalråd kan delta med både leiar og nestleiar (to delegatar) i dei respektive valmøta til distriktsråda. I årsmøtet kan lokalforeiningane vere representert med inntil fire delegatar; ein frå lokalforeininga og ein frå kvart lokalråd. Lokale ledd kan ha med observatørar til alle møte.

Avtalt pensjonspris med hotellelet for buande gjestar (pr. person):

- | | |
|--|-------------|
| - fredag kveld (inkl. program og middag) - søndag (inkl. lunsj) i enkeltrom: | kr. 2.860,- |
| - fredag kveld (inkl. program og middag) - søndag (inkl. lunsj) i dobbeltrom: | kr. 2.295,- |
| - laurdag morgen (rundstykke ved ankomst) – sundag (inkl. lunsj) i enkeltrom: | kr. 1.930,- |
| - laurdag morgen (rundstykke ved ankomst) – sundag (inkl. lunsj) i dobbeltrom: | kr. 1.650,- |

Sogn og Fjordane Røde Kors

Post: Langebruvegen 28, 6800 FØRDE
Besøk: Langebruvegen 28
Fakturering: EHF983198422

Tlf: 57523230
Faks: 57723231
<http://www.rodekors.no/sfj>
E-post: dk.sognogfjordane@redcross.no

Bank: 3700 20 27616
Org.nr: NO 983 198 422

En del av den internasjonale Røde Kors- og Røde Halvmåne-bevegelsen

Prisar for ikkje buande (pr. person):

Dagpakke laurdag med kaffipausar og lunsj	kr. 450,-
Dagpakke laurdag med kaffipausar, lunsj og festmiddag	kr. 925,-
Dagpakke sundag med kaffipausar og lunsj	kr. 450,-

Lokalforeiningane betalar for alle sine deltakarar samla (inkl. delegatar og observatørar frå lokalråd, avdelingar og grupper). Det vert sendt ut faktura etter avslutta årsmøte.

Distriktsstyret ber lokalforeiningane og avdelingane drøfte årsmøtesakene i sine styre, slik at alle er godt førebudde og deltek aktivt under årsmøteforhandlingane!

Distriktsstyret ser fram til eit aktivt og gjevande årsmøte, til beste for den einskilde deltakar og Røde Kors organisasjonen. Vi ynskjer gjester, representantar og observatørar hjarteleg velkomne til hyggjelege årsmøtedagar på Skei.

Vel møtt!

Med helsing
for SOGN OG FJORDANE RØDE KORS

Synøve Sande/s
Distriktsleiar